



Plan:	Detaljregulering Åsgarden, BU2	
Dato	23.01.2026	
<b>Offentlege instansar</b>		<b>Kommentar</b>
<b>Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (SMR)</b>		
<p>Statsforvaltaren viser til tidlegare motsegn, som gjaldt krav om at tilkomsten til leikeareala skulle sikrast med tilfredsstillande stigning for universell utforming, samt at snarvegen midt i planområdet måtte sikrast i plankartet.</p> <p>I det reviderte planforslaget er begge desse forholda no imøtekome. Snarvegen (f_TV) er regulert inn i plankartet, og krava til universell utforming er tekne inn i føresegnene, inkludert høve til å justere traseen for å oppnå tilfredsstillande stigning.</p> <p>På denne bakgrunnen vurderer vi at motsegna er ivareteken, og Statsforvaltaren trekkjer motsegna.</p>		Takast til vitande. Trekking av motsegn gjer at denne ikkje lenger er ei hindring for eigengodkjenning av reguleringsplanen.
<b>Møre og Romsdal fylkeskommune (FK)</b>		
<p>Møre og Romsdal fylkeskommune har fremja motsegn til planen på grunn av manglande sikring av grøne samband til leikeområdet i plankart og planføresegner.</p> <p>I tillegg oppdaga fylkeskommunen at planen mangla ROS-analyse og bad om ettersending.</p>		Forslagnsstillar fekk utarbeida ei ROS-analyse som vart ettersent i den avgrensa høyringa 10.12.2025.
<p>Planfaglege merknader</p> <p>Planforslaget er oppdatert og legg no til rette for ein tydeleg grøn samband som koplei områda f_LEK1 og f_LEK2 til dei regulerte bustadområda. Stien skal vere universelt utforma. Dette er no sikra gjennom føresegnene.</p> <p>Ut frå dei oppdaterte plandokumentata trekkjer Møre og Romsdal fylkeskommune motsegna til planen</p>		Takast til vitande. Trekking av motsegn gjer at denne ikkje lenger er ei hindring for eigengodkjenning av reguleringsplanen.
<p>Samferdsel</p> <p>Kommunen skriv at dei er klar over utfordringane i krysset Grebstadvegen - fylkesveg 60 og kryssingsforholda over til busslomma vest for fylkesvegen. Kommunen vurderer samstundes at utbyggingsprosjektet ikkje har nær nok samanheng med desse utfordringane til at det vil vere rimeleg å stille rekkefølgjekrav om utbetring i reguleringsplanen.</p> <p>Vi forstår kommunen si vurdering, men er framleis bekymra for den trafikale situasjonen på staden, spesielt med tanke på at dette er ei strekning med ferjetrafikk. Vi oppmodar kommunen til å følgje med på utviklinga og at trafikforholda på staden blir satt fokus på ved eventuelle nye utbyggingsprosjekt.</p>		<p>Det er utfordringar knytt til trafikk i krysset Grebstadvegen - fylkesveg 60. Dette gjeld spesielt morgnen og ettermiddag når mange bilar skal gjennom krysset. Ved passering av fergebilar blir det ofte mange bilar i kø opp Grebstadvegen, spesielt på morgnen. Bustadprosjektet i Åsgarden vil bidra til at fleire bilar vil belaste krysset. Kommunen meiner at ei krav om utbetring evt. flytting av krysset vil vere svært krevjande for eit slikt bustadprosjekt. Ei trafikkaue som blir generert av bustadprosjektet vil vere ein mindre del av totaltrafikken som nyttar dette krysset. Kommunen vurderer at utbyggingsprosjektet vil ikkje vere årsaken til problemet og at det ikkje kan krevjast rekkefølgjekrav for utbedring av krysset.</p> <p>Kommunen bør likevel vurdere om og kva som bør gjerast for å betre tilhøva i krysset med tanke på dagens og framtidens situasjon. Er det mogleg å gjere tiltak i dagens kryss eller på kommunal og/eller fylkesveg som betrar situasjonen, eller bør ei vurdere å flytte krysset sørover slik det ligg i gjeldande reguleringsplan for Ullavik frå 2004. Ei alternativ løysing er altså allereie regulert, men ikkje prioritert politisk eller økonomisk.</p>
<b>Private merknader</b>		<b>Kommentar</b>
<b>Johanne og Olav Kjuul</b>		
<p>Vi mener at grensen vår eiendom 7/241 mot Åsvegen opprinnelig gikk i grøftekanten, dette har ikke blitt justert etter det vi kan minnes. Det var et makeskifte på 1990 tallet der det ble endring av grensene mellom Fredrik Andersen og Sigmund Bakken. Vi kan ikke finne noen papir på dette da det nå er nye eiere. Tidligere i år ble det opprettet en feil fra vår eiendom der vi var registrert som eiere av lovebygningen til Geir Simonsen. Tenkte det samme hadde skjedd her.</p> <p>Går utfra at kommunen sitter med disse papirene.</p>		<p>Målebrevet frå oppmålingsforretninga i 1990 viser at grensa mellom 7/241 og kommunal eigedom i Åsvegen ligg på topp vegskråning og ikkje i grøftekanten som Kjuul meiner. Topp vegskråning er omtrent 3 meter frå vegkant, noko som er nyare avstands praksis for erverv inn mot offentleg veg.</p> <p>Målebrev og matrikelbrev sendte kommunen til Kjuul per epost 19.12.2025.</p>
<p>Vi ønsker ikke fortau på vår side av Åsvegen. Grunnen til dette er at vi mener å ha en tomt i dette området og ønsker med tiden å dele vår eksisterende tomt slik av denne kan selges og bygges på.</p> <p>Ettersom denne tomten blir redusert kan dette bli vanskelig.</p>		Fortau på denne sida av Åsvegen er eit politisk ønskje i Sykkylven grunna trafiktryggleik. Om det i framtida vil vere høve til dele og fortette 7/241 i 2 bustadtomter må avgjerast ved søknad. Eigeidomen er no uregulert.